

No 116 ¹ Tone: Kor mykje stort, kor mykje gildt

Naar joletræ det pynta stend,
Med glitter flagg aa flor.
Aa alle farga ljosi brenn
Innan eit songars kor.
Naar mat aa drykk er laga til
So lækker fin aa rar
Aa alle borni stend med smil
Glade stend mor aa far.

Kor

Jol da ungdom gledeleg jol
eit barn so lysteleg
Fødtes for os so reint som gull
Frelsar for meg aa deg.
Vener staa stille tenk aa bed
Me bøya os for Gud
For sonen sin han sendte ned
Kvar syndar løyste ut.

Kor

Jol ei gledleg jol
Eit barn so lysteleg
Ein frelsar født er vor jolesong
Kring barne i krybba trong
O ungdom blom i Guds hage her.
Du stend so frisk aa grøn.
Den besta doggi for blomen er
Paa kne for Gud i bøn.

Det joletræ her pynta stend
Symbol paa Jesus er.
Naar kristi jos i os vert tend
Daa fyrst me frugte bær.
Han er det sande joletræ
aa greina da er me.
Men er frukti so hyggjeleg
Paa oss so paa joletre.

Kor

Dei gaaver Jesus gje os vil
er elsk aa tru aa von.
Aa signing hev han lagt dartil
I ei utruleg mon.
Med honom vil det veksa fort
Frukti vil koma fram
Svimling aa ugras bana burt
Eig ikkje liv i *ham*.

Kor

All ungdoms gleda liv aa mod
Med reinleik ljøs aa fredag
I stammen Jesus hev si rot
Det sande joletre
Utan um Jesus ingjen fred
Kun synd aa larm aa støy
Godt naar *livssoli* ho gjeng ned
I Jesus aa faa døy.

Kor